# (2) TIMEGLASET

Tekst og tone:
**FREDDIE LANGRIND**

Følelsen av samkjensle med opphavet;
i timeglaset renn sanda båe vegar




Her renn våre timar som finsand i glas
til kolben er søkkande tom,
men forma er også så underleg slik;
kvar ende av glas er den motsette lik.
No vender vi tidsglaset om.

Vi veit at dei finnast, dei beste av oss
som løftar historias dom.
Synnøve tok sprang ut i ulendte får
mot noko ho slett ikkje visste kva var.
No vender vi tidsglaset om.

Vi lever på tufter frå fedrane før
som solbluss i tid og i rom.
Så ber vi då med oss og held det i hevd
ei samkjensle, rotsett av lagnad og levd.
No vender vi tidsglaset om.

© FREDDIE LANGRIND 2015

«SYNNØVE OG KONGEBREVET»